

# Juletrefest i Ungdomslaget Vaar, Fåset i 1904

Juletrefest 2<sup>den</sup> januar 1904



Kontakten med Norge var til gjennom Skuespillet «Sjusovarane» framført av fåsetinger ca. 1898.

1. rekke: Even O. Dalvang, Lars Jordet, Kristoffer Smedhaug, Kristen Nyheim.

2. rekke: Ole Graneng, Håkon Sømoen, Embret Vang, Ole H. Lian, Ingeborg Løvås, Olaf Rønning.

3. rekke: Gudleik Rønning, Einar H. Løkken, lærer Bakken.

Repro: Museea i Nord-Østerdalen. (10274)

Dagen rann upp med klaart veir. Hele dagen gjekk eg og lengta etter at kvelden no måtte koma snøggare enn elles, for eg hadde som ei von um, at denne festen vilde verta gieldare enn dei hine. Jau, kvelden kom og eg dro av stad med nasen vendt mot «Gimle». Eit rettleg gjildt joletre var det første ein fekk sjå, då ein steig inn i «det allerhelligste». Kvar grein bar eit ljos og kvart ljos lyste. Elles var det mykkje anna som gjorde det so gjildt, til dømes alle dei gode dropsbitarne aa ikkje for aa forgløyme alle dei gilde appelsinar og eplar, som hekk der so fristande. Men me skøna vel, att me fekk smaka paa alle desse goder fyre me skildast og slik gjekk det au.

Den namngjetne spellmannen Amund Eggen var tilstades og spela aat oss. Han gav tilbeste mange vakre stykke. Anders Aalborg spela orgel og det var paa alle maater gjildt. Henning Røen heldt festtalen. Han tala um ungdomen og ungdomslagene. Sammenlikna ungdomslagets sine medlemar med greinane paa joletreet. Sa mellom anna, at skulde ungdomslagene rundt om i Noregs land ganga paa rette maaten, so maa kvar mann og kvende i Noreg være saa godt upplyste som joletreets sine greinar. Foredraget paahøyrtes heile tiden med spaning. Me trøytta tidi so godt me kunne. Me ymist bite og til slutt fekk me dansa kring um joletreet medan det endan hadde pynten sin paa. Inndimillom las O.Kr.Faasetbro upp mange løgjlege skrøner, so aahøyrarane fekk seg ein god lattersalve. Ettirpaa dundrende hannklapp. Festen slutta klokka 2. Han hadde god tilslutning og i det heile god stemning.

*Faadalen 3.1 1904.  
K.R.Smedhaug.*